



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:	22.03.2021	Vår ref:	2021/3549
Dykkar dato:	25.02.2021	Dykkar ref:	21/569 - 21/12796

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 214/118 - Fyllingsnes - avløpsanlegg og parkeringsplass - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.02.2021. Saka gjeld søknad om bygging av ny tilkomstveg frå Fyllingsnesvegen til ny parkeringsplass, køyrbar gangveg til sjø i Litlevågen, samt etablering av kommunalt avløpsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø. Tiltaket omfattar gbnr 214/2, 214/114 og 214/118.

Alver kommune skal etablera nytt avløpsanlegg for eksisterande og nye bustadar langs Fyllingsnesvegen og Litlevågsbrotet. Avløpsanlegget skal dimensjoneras for inntil 86 bustadar og framtidig skule. Eksisterande eigedomar, som i dag har private enkeltanlegg, vil bli sanert. I tillegg skal avløp frå bustadane innanfor den nyleg godkjende reguleringsplanen for Nystøltunet (1263-201603) koplast til anlegget.

Etablering av parkeringsplass og gangveg til sjø skal skje i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd og vil leggja til rette for bruk av friluftsområdet i Litlevågen.

Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå arealføremåla LNF og friområde, pbl § 1-8, byggeforbodet i strandsona, og bygggrensa mot vassdrag, jf. føresegn 2.6.1.

Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren ser i utgangspunktet på tiltaka som positivt for folkehelse og friluftsliv. Kommunen må likevel vurdere om føremåla det dispenserast for vert vesentleg sett til side og om fordelane ved å gje ein dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Tiltak kjem i kontakt med bekken eit par stader. Det bør vurderast om traséen kan flyttast nokon for å unngå tiltak i bekken, eventuelt vurdere ein smalare gangveg. Om det ikkje er mogleg å unngå tiltak i bekken, må ein unngå bekkelukking. Ein må også legge til rette for anadrom fisk, både med tanke på habitat og vandring.

I utgangspunktet treng tiltaket løyve etter lakse- og innlangsfisklova, men om eit vedtak om dispensasjon i tilstrekkeleg grad tek omsyn til anadrom fisk, vil dette likevel ikkje vere naudsynt. Det



er viktig at det kjem klart fram kva inngrep som er naudsynt og at avbøtande tiltak vert sikra med vilkår i eit eventuelt dispensasjonsvedtak.

Vi minner om kravet til å oppretthalde kantvegetasjon langs vassdrag, jf. § 11 i vassressurslova. Fjerning krev løyve frå Statsforvaltaren. Når tiltaket er utført, må det leggast til rette for reetablering av kantvegetasjon.

Vi vurderer både VA-anlegg og parkering og tilkomst til friluftsområde, som positive tiltak for folk i Alver kommune. Vi vurderer likevel at ein bør justerer vegtraséen om det er mogleg, og om dette ikkje er mogleg må det settast vilkår til dispensasjonen.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Vestland fylkeskommune	Majorstua		
	Postboks 7900	5020	BERGEN